



Informasjon frå heimesjukepleia til tenestemottakar og pårørande

Heimesjukepleia jobbar aktivt med å førebygge smittespreiing. Det kan bety endringar av tenestene for pasientar i tida framover.

Vi har fått spørsmål om ein kan reservere seg mot å få heimeteneste/heimehjelp ei kort periode, for så å starte oppatt seinare. Dette kan gjelde alle tenester eller deler av tenesta. Det er mogleg. Vi oppfordrar dykk til å ta kontakt med Tildelingskontoret på telefon: 94 86 61 23 dersom du ynskjer å ha mindre eller ingen tenester ei periode.

Vi ynskjer forståing frå dykk som pasientar og pårørande kring dette. Dersom du som pårørande har moglegheit til å ta større del av desse oppgåvene, er det og fint om du tek kontakt med tildelingskontoret via sms eller telefon 948 66 123. Det er og mogleg å sende informasjon sikkert via: <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/961382157>

Som pasient kan du oppleve ei endring i dine tenester i nærmaste framtid. Dette er på grunn av at heimesjukepleia må omprioritere som følge av korona-utbrotet.

1. Endringane kan innebere: Hyppigheita av besøk blir vurdert. Ved redusert bemanning blir berre nødvendig helsehjelp prioritert som enkelt stell, mat og medisinar.

2. Samarbeid med pårørande: Me ynskjer å inngå samarbeid med pårørande om overtaking av oppgåver i ei periode, der det er mogleg. F.eks. hjelp til strømper, tilsyn eller dusj. Dei som blir berørt vil bli kontakta.

3. Støttekontakt: Me reduserer støttekontakt tilbodet då dei fleste aktiviteter i samfunnet er avlyst. Me vurderer å oppretthalde tilbodet hos nokre få brukara med særskilte behov. Dei som blir berørt blir kontakta.

4. Omdisponering av personell: Da me vil kunne trenge meir personell for å yte nødvendige tenester, vil me måtte omdisponere personell frå andre tenester i kommunen. Personene vil ha ID-kort som sikrar trygge tenester for den enkelte.

5. Hjelpemiddel: Vil ikkje bli henta inn frå heimar før det blir lågare smittefare

6. Til sist ber heimesjukepleia om at følgande kjøpast inn i alle heimar:

- Pumpesåpe, tørkerull og avfallsbøtte til å kaste dette i
- Temperaturmåler til rektalt bruk

Me må stå saman i denne utfordrande tida så godt me kan, og då er me særst takksame for å oppleve den gode dugnadsanden som rår hjå alle i kommunen.

Tusen takk til alle som bidreg!!